


Fjågesund Posten

Nr. 2 april 2020



DUGNAD PÅ GRENDEHUSET

Gjennom april og mai måned vil det bli vasking av huset utvendig. Hovedmålet er å beise huset i løpet av sommaren. P.g.a korona situasjonen må det ikkje vere meire enn fem personar samla i ei gruppe. Derfor vil aktuelle personar bli kontakta til dugnad. Det vert sett opp ulike arbeidsoppgåver etter behov.

DUGNAD RUNDT KYRKJA

29. og 30. april. P.g.a korona situasjonen ring Aud Turid for organisering og avtale: 905 75 915.



SØPPELPLUKKING/TRIM

Tysdag 5. mai kl. 18.00. Vi møtast på grendehusplassen, og ryddar søppel langs vegen til Fjågesund brua og opp til kyrkja. Hald avstand og ta med hanskar. Værratterhald.

Arr. Fjågesund IL

STØTT FJÅGESUND IL MED TOMGODS!

Har de tomgods som vi kan pante til inntekt for laget vårt, vil vi gjerne at de set det ut i knytt pose, ved trammen eller innkjørsla di slik at det er lett å finne.

Vi køyrer rundt og samlar inn:

Torsdag 7. mai kl 17.00

RUSKENAKSJONEN 2020

Mondag 11. mai kl. 16.00 - 19.00. Renovest IKS set ut container ved **Fjågesund grendehus**. Her kan du som privatperson levere avfall som kjøøl/frys, komfyrar, omnar, anna elektrisk materiell, samt møblar og større hushaldsavfall.




UT PÅ TUR 2020

Fjågesund idrettslag har plukka ut fire turmål (Hyvre, Telnesåsen, Utsikten og Knutskåshytta). Eit kart over turmåla, ruta dit og korleis du registrerar turane dine er snart å finne på fjaagesund.no. P.g.a. korona vert det ikkje lagt ut bøker på turmåla. Dei som har gått alle 4 turane vert med i trekkinga av ein fin premie. Det vert også trekk ut ein trøstepremie blandt alle deltakerane.

Du må registrere turane dine før 20. september.

God tur!



GOD 17. MAI BYGDEFØLK!



Ragnvald Fiskarbekk
feirar 17. mai ca. 1970.
Foto: Inge Rosland.

M/S HENRIK IBSEN

kjem **onsdag 20. mai**. Båten passerar fjågesundbryggja ca. kl 15.20.

M/S VICTORIA

kjem **torsdag 21. mai**. Båten passerar fjågesundbryggja ca. kl 15.10.

Sesongen for kanalbåtene går som planlagt med ei rekke smitteverntiltak og med færre passasjerar enn normalt. Sjå telemarkskanalen.no for meire informasjon.





STIKKRENNER, GRØFTER

Stikkrenner, grøfter
djupe er dei, mange er dei, budde
er dei her i Bergsto,
og kikkar opp mot grovt, rusket vær,
kikkar opp mot stridt silande regn,
kikkar opp mot bratt,
kikkar opp mot alt vreidt,
(fossande stryk),
og tek imot og held unna,
tek imot og held unna,
og sukker:
- Greier vi det? Maktar vi det?
- Her finst inga råd,
her gjevst inga nåde.
Tek imot og held unna.
Grovt, rusket vær svingar inn,
stridt regn silar ned.

Arvid Torgeir Lid.

Sjå også heimesida til Fjågesund på:
fjaagesund.no

Fjågesund IL er på Facebook